

Den ukjende Noregs

– Det er skrekkeleg kor lite folk veit om kyst- og fiskerihistoria vår.

FISKERIHISTORIA

OTTAR FYLLINGSNES
ottar@dagogtid.no

Det seier førsteamanuensis i historie, Nils Kolle ved Universitetet i Bergen. Han fortel om oppegående personar med høgare utdanning som veit nesten ingenting om denne delen av saga. Kolle har i fem år vore prosjektleiar og hovudredaktør for det nye, store bokverket *Norges fiskeri- og kysthistorie*, som har vorte ein tungvektar – både på det eine og det andre viset. Verket er samla i fem svære band på til saman over 2800 store sider. Det har vorte eit rikt illustrert verk om kyst- og fiskarlivet her i landet – frå steinalderen og heilt fram til vår oppdrettstid.

FISKARBONDEN

I bøkene vert dei fleste sider ved norsk fiskerihistorie dregne fram. Her er det mange tal og mange historier frå den 3000 kilometer lange norskekysten. Her kan ein lesa om det kjende Trollfjordslaget og det mindre kjende Mehamnoppøret. I det siste engasjerte fiskarane seg for totalforbod mot kvalfangst. Dei meinte at den minkande kvalbestanden førte til invasjon av kobbe eller grønlandssel, som skadde fisket. Ein junidag i 1903 gjekk om lag 700 fiskarar til åtak på den store kvalstasjonen i Mehamn. Dagen etter heldt dei fram, og 1500 mann var med på å leggja stasjonen i grus.

Naturlegvis har både fangstmannen og fiskarbonden ein sentral plass i dei nye historieøkene. I svært mange bygder langs kysten fanst det fiskarbondar, men i siste halvparten av 1800-talet hevda både embetsmenn og tenestemenn at fiske og jordbruk burde skiljast; at folk langt inne i fjordane rusta seg ut til eit usikkert fiske ved havkanten, såg dei som lite tenleg. Og dette ønsket gjekk delvis i oppfylgning i 1870-åra då nye næringar som industri og turisme erstatta inntektene frå fisket.

Sesongfiskeria gjorde at Noreg hadde minst 90.000 fiskarar i slutten av 1860-åra, men det minka til 70.000 etter at vårsildfisket tok slutt på Vestlandet i tiåret etterpå, men tok seg opp att til om lag 100.000 ved hundreårsskiftet. I Europa var det berre Storbritannia som hadde fleire fiskarar.

SELFANGSTEN

Det nye historieverket er i stor grad basert på sekundærlitteratur og byr ikkje på dei store avsløringane.

– Det nye er at det er sett saman i ein ny og heilskapleg

samanheng, seier prosjektleiar.

– Arkeologen Hein Bjerck skriv til dømes om steinalderen. Kolonialiseringa langs Sørlandskysten skjedde svært raskt. Etter at isen smelta, tok det berre 200 år til det budde folk langs heile norskekysten. På skulen lærte me at dei første nordmennene drog nordover for å jakta på rein, men Bjerck avviser dette. Han meiner at dei jakta på sel. Dei kom ikkje som fiskarar, men som jegerar. Selen var ein fantastisk ressurs; han gav både kjøt, feitt, klede, oppvarming og lys. I den samanhengen var han ein svært verdfull ressurs, men etter kvart vart det mindre av han, og folk måtte sjå seg om etter andre levemåtar.

Nils Kolle skriv om «naturens gåve» på norskekysten, og meiner at folk ikkje tenkjer over kva denne gáva inneheld.

– Noreg har ein skjergardskyst som få andre land. Rett nok har Skottland, Finland og Chile skjergard, men elles er det få land som har det. Skjergarden gjev grunnlag for å utnytta dei marine ressursane på ein heilt annan måte enn land sør i Europa. Irland er til dømes utan skjergard, men med havet brytande mot bratte fjellmassiv eller vide sandstrender, er hamneforholda dårlege.

Kolle viser til at Noreg har to av dei største biomassane som finst i Europa; det vil seia norsk vårgytande sild og norsk arktisk torsk.

– Det er to gigantiske ressursar som kjem sigande inn til norskekysten. Ikkje noko anna land opplevde noko slikt. Britane og nederlendarane har måtte dra til havs for å få tak i ressursane, men det trong ikkje nordmennene. Me kunne sitja heime og venta til fisken kom symjande like til stovedøra, og det vart ingen transportkostnader. Dette er slikt som folk ikkje tenkjer over.

REDUSERT TIL EIN TIDEL

I Noreg stod fisket sterkast på slutten av 1800-talet. Nesten alle på kysten, frå Lindesnes og nordover, var involverte i fiskeria på eitt eller anna vis. I byrjinga av 1880-åra vart det hevda at Noreg var akterutsegla som fiskerinasjon, og at norske fiskarar dreiv ei stagnerande fattigmannsnæ-

ring. Men fram mot 1920 fann eitt av dei store spranga i norsk fiskerinnæring stad. Ved hundreårsskiftet vart petroleumsmotoren montert i mange båtar, og i 1920 hadde Noreg verdas største motorbåtflåte. Under den første verdskrigen gjekk prisane i været, og for første gong fekk norske fiskarar smak på velstand.

I tiåra etter Den andre verdskrigen vart det for alvor fart i næringa. Utbyttet vart fleirdobla, men talet på fiskarar gjekk tilbake. 1946 fanst det godt over 100.000 fiskarar her i landet. I 1970 var dei redusert til 35.000 profesjonelle fiskarar som levde av fiske aleine. Sidan har talet gått ytterlegare ned til om lag 11.000, men sjølv om talet på fiskarar og tilsette i fiskeindustrien har gått kraftig ned, bidreg fiskeri- og kystnæringane likevel med større verdiskaping enn nokosinne.

På Vestlandet er fiskerimønsteret lagt, meiner Kolle, men i Nord-Noreg er det framleis potensial for avskaling, og det skjer særleg i samanheng med generasjonsskifte. Når eldre gjev seg der, er det ikkje unge som tek over. Skal ein satsa, må ein ha kvote, og det har vorte vanskeleg for unge å koma inn i fiskerinnæringa.

SILDEKOLLAPSEN

Kring 1960 råka eit jordskjelv silde-distrikta. På få år vart tradisjonelle driftsmåtar feia til sides og erstatta av ny hypermoderne ringnot-teknologi som ein berre kunne drøyma om få år tidlegare. Sidan har det vorte diskutert kva som var årsaka til samanbrotet i sildebestandane i Nordsjøen og Norskehavet. Kollapsen kom som ei stor overrasking. Forskarar hevda at dei ikkje visste om at bestanden var så svak, og at ringnotflåten tok dei på senga. Etter introduksjonen av sonar, kraftblokk og ringnot vart fisket langt meir effektivt. Det teknologiske spranget skjedde lynraskt, hevda ein marinbiolog i ei rettsak mot staten på 1980-talet.

Nils Kolle er av ei litt anna mening.

– Eg trur at forklaringa på passiviteten hjå havforskarane desse åra ligg i sjølv forskarrolla. Like frå havforskar Johan Hjørtas dagar har det i Noreg vore eit tett sam-



Fiskeværet Halten, eigd av Borten-slekta, var på 1800-talet det største på trøndelagskysten med opptil to

band mellom havforskning og fiskerinnæring. Eit viktig siktemål med forskinga var å finna fisken og hjelpa fiskarane til å auka fangstmengdene. Forskarane skulle medverka til å utvikla og gjera fisket meir effektivt, hevda Kolle. Og viser til at med det opne havregimet på den tida, var det lite å vinna på at Noreg innførte reguleringar, så lenge som dei andre fiskerinasjonane ikkje gjorde det.

– Nedgangen i bestanden frå slutten av 1950-åra kom av naturens luner, medan den moderne ringnotfiskaren har ansvaret for samanbrotet eit tiår seinare, godt hjelpt av russiske og islandske kollegaer, skriv Kolle.

Han viser til at kollapsen i sildebestandane vart ein vekkjar for både forskinga og forvaltninga. På få år skjedde det ei grunnleggjande reorientering – eit paradigmeskifte. Den viktigaste oppgåva for forskarane vart no å overvaka fiskebestandane og gje råd om fangstuttak til styresmaktene.

Men det var ikkje berre lett å vera nordmann når norske og sovjetiske forskarar møttest for å diskutera fisket av atlantiskandinavisk sild på slutten av 1950-talet. Den islandske havforskararen, Jakob Jakobson, har skildra

det som den reine slagmarka, med nordmenn på ei side og sovjetarar på den andre. Han samanliknar det med forteljinga om Valhall, der dei kjempa heile dagen, til alle var døde, men om kvelden vakna dei til live att – og byrja å drikka i lag.

JENS EVENSEN

Kolle slår fast at Noreg fekk svært godt utbytte av fiskeriforhandlingane på 70-talet og innføringa av 200 miles fiskerisoner. Statsråden som leia dei norske havrettsforhandlingane på den tida, får rosande omtale.

– Ingen har betydd meir for Kyst-Noreg enn havrettsminister Jens Evensen, seier Kolle. Sjølv viser han til at Noreg har vorte omtalt som ein imperialistisk kyststat, blant anna av islendingane, og han avviser ikkje heilt den nemninga. Noreg har trass alt sikra seg kontrollen over eit havområde som er langt større enn landområdet. Dessutan har Noreg også fått til ei god løysing med Russland i Barentshavet. Men oppi alt dette har fleire land vore kritiske til vernesona kring Svalbard og Jan Mayen, seier Kolle – og er slett ikkje sikker på at alle avtalane kjem til å verta ståande til evig tid.



I Noreg var me heldige. Me kunne sitja heime og venta på at fisken kom symjande til stovedøra.

Nils Kolle, historikar og hovudredaktør

historia



100 fiskarar. Her poserer somme av dei for fotografen i 1905.

Bilete frå boka

Tente lanterna på Holbergstuen

Det byrja på ein skjenkestad i Bergen, avslører hovudredaktør Nils Kolle.

Ein gong på slutten av 1990-talet møttest ei handfull som interesserte seg for fiskerihistorie over halvliteren på Holbergstuen. Og der slo Pål Christensen, som i dag er professor ved Norges Fiskerihøgskole ved Universitetet i Tromsø, fast at det var på tide at dei kom i gang med å skriva Noregs fiskeri- og kysthistorie.

– Dermed vart lanterna tent, og slik byrja realiseringa av prosjektet, fortel Nils Kolle. Det første dei gjorde var å notera namn på folk som var interesserte i fagfeltet. Det vart ei gruppe på om lag tjue personar, som kalla seg «Fiskenettet». Dei hadde fleire samlingar kringom i landet, der dei diskuterte alle sider ved prosjektet.

Dei sette opp eit budsjett på 20 millionar kroner, og skjøna fort at dei måtte ha god kontakt med næringa for å realisera prosjektet. Tidleg tok dei kontakt med Norges Fiskarlag, og etter kvart fekk dei både Fiskeridepartementet og ei rekke andre med på laget. Det var snakk om den første *samla* fiskerihistoria i Noreg, og fiskerinnæringa viste stor interesse for prosjektet.

Bak Norges fiskeri- og kysthistorie ligg det 20 årsverk, og ikkje mindre enn 24 forfattarar har medverka i det fem bands store historieverket. Dei er knytte til universiteta i Bergen, Bodø og Tromsø, pluss høgskulen i Volda. Dei byrja arbeidet hausten 2009, og i tillegg vart det i 2011 vedteke å skriva det siste

bandet – om oppdrett, som Museum Vest har hatt ansvaret for.

Det opphavlege prosjektet kom på 22 millionar kroner, og med oppdrettsbandet kom det på 27 millionar. I tillegg er fire stipendiatar knytte til prosjektet, og kostnaden med det er på 12 millionar kroner, som institusjonane har betalt. Til saman har prosjektet dermed ein pris på 40 millionar kroner, og i humaniora er det svært mykje.

Historieverket vart trykt i eit førsteopplag på 2500, og etter fiskerimessa i Trondheim skal mesteparten vera seld. Naturetlegvis har næringa synt størst interesse for verket, og eit reiarlag kjøpte like godt femten sett.

ØKONOMISK VEKST SLÅR SPRÅK I HEL

Språket er særleg truga i tropiske land med økonomisk vekst, viser ny forskning.

I eit dansk-britisk forskingsprosjekt, der ein målte ei rekkje faktorar som kan tenkjast å få færre til å snakka det lokale språket, viste økonomisk vekst å vera den klart viktigaste.

På førehand vert språk rekna som truga når dei vert snakka i eit geografisk mindre område av ei minkande folkegruppe. Men det er særleg når bruttonasjonalproduktet stig bratt, at truga språk kjem i vanskar.

– Eg er overraska over den svært kraftige samanhengen mellom tilbakegangen for språka og den økonomiske veksten, seier Jens-Christian Svenning ved Institut for Bioscience ved Århus Universitet til Politiken.

DAG OG TID-MELDAR NOMINERT TIL BOKPRIS

Audhild Solberg, som har meldt bøker i Dag og Tid i det siste, er nominert til ARKs barnebokpris 2014 for boka *Kampen mot superbitchene*, som Aschehoug har gjeve ut. Dei fire andre nominerte er Arne Svingen, Alexander Løken, Lars Joachim Grimstad og Tone Almhjell.

Det viktigaste med denne prisen er at det er borna sjølve som avgjer kven som skal vinna. I fagjuryen er det 10.000 femte-, sjette- og sjuandeklassingar. Vinnaren vert kåra i desember og får 25.000 kroner.

JAN GUILLOU PROVOSERER PÅ NYTT

Fire forskarar og forfattarar går til åtak på Jan Guillou for historieforskning. Grove feil om Holocaust fekk stå uimotsagt i SVT, hevdar dei. Det var på måndag at Guillou vart intervjuet i fjernsynet om den nye romanen han har skriva, *Att inte vilja se*, som handlar om lagnaden til dei norske brørne Lauritzen frå Osterøy. Boka handlar om Den andre verskrigen, og i fjernsynprogrammet uttalte Guillou seg om kor mykje svenskane kjende til Holocaust medan utryddinga pågikk.

Guillou meinte at jødeutryddinga var ukjent.

«Ein svært vanleg påstand er at innan borgarskapen visste ein nøyaktig kva som skjedde i Nazi-Tyskland og i dei landa som Nazi-Tyskland okkuperte. Eg vil påstå at det ikkje er sant. Ein visste ikkje», uttalte Guillou.

Fire historikarar og forfattarar har etterpå hevda at Guillou «vråkte ur sig grova felaktigheter» og «tycks vilja återupprätta denna oskuldens självbild». Dei viser til at Göteborgs Handels- och Sjöfartstidende hadde ein tittel på framsida i oktober 1942 der det lydde «Utrotningskriget mot judarana», og Svenska Dagbladet skreiv om to millionar døde i desember same året.

KAREN BLIXEN FRIKJENT FOR RASISME

I USA har det dei siste 20–30 åra vorte hevda at Karen Blixen i verste fall var rasist, men ho var i beste fall uklar i synet på kikuyuer, masaiar og somaliarar, som ho lærte å kjenna den gongen ho hadde ein kaffifarm i britisk Aust-Afrika.

– Men nei – ho var ikkje rasist eller nazist, seier Marianne T. Stecher, som er professor i nordisk litteratur ved universitetet i Washington.

I den nye boka *The Creative Dialectic in Karen Blixens' Essays* tek ho eit oppgjær med den postkoloniale kritikken ved å trekkja fram essay og foredrag som har vorte oversette i den internasjonale debatten om Blixen. I dei tek Blixen for seg både nazisme, rasisme og kvinnesak. Ho gjev ikkje uttrykk for rasistiske oppfatningar, men oppmodar til at ein tenkjer gjennom kvart hierarki i høve til rasar og kulturalar, seier Stecher ifølgje Politiken.

INGMAR BERGMANN VAR BRUTAL

Den svenske skodespelaren Stellan Skarsgård arbeidde med Ingmar Bergman to gonger – i den filmatiserte sceneversjonen av Strindbergs *Ett drömspel*, men også i Molieres *Hustruskolan*.

I eit stort intervju i den engelske avisa The Telegraph fortel Skarsgård at det var umogleg å lika den svenske regissøren. Den svenske skodespelaren omtalar Bergman som ekstremt gåverik, men elles er han kritisk:

– Bergman behandla ikkje menneske slik eg meiner at menneske skal behandlast. Han kunne vera ein svært brutal person. Han kunne tilinkjeggjera menneske av di han var ein kontrollfreak. Rett nok er alle regissørar kontrollfreakar, men Bergman var ekstrem, seier Skarsgård til The Telegraph.

ottar@dagogtid.no

